

## ULVIK HERAD



# Årsmelding 2018

## **INNHALDSLISTE**

Politisk og administrativ organisering	s.	3
Tilbakeblikk på 2018 – slik rådmannen ser det	s.	4
Økonomisk status	s.	6
Personale og organisasjon	s.	11
Administrasjon, styring, kultur og samfunnsutvikling	s.	13
Oppvekst	s.	17
Helse- og omsorg	s.	25
Teknisk drift og vedlikehald	s.	31
Heradsstyresaker 2018	s.	37

## POLITISK ORGANISERING

### Heradsstyret

Venstre (4): Håkon Gjerde, Oddmund Jordal, Ingrid Sponheim og Anders Kr. Oppheim.

Arbeiderpartiet (5): Hans P. Thorbjørnsen, Ingrid Prestegard, Alf G. Sortland, Ronny Lunestad og Jorid Løvtangen.

Senterpartiet (4): Jens O. Holven, Eva K. Dahl, Ingvild B. Sygnestveit og Jon O. Heggseth.


Høgre (2): Stig Røkenes og Magrete Øydvin.

Sosialistisk Venstreparti (2): Guro Ljone og Hanne Li.

### Formannskapet

Hans P. Thorbjørnsen (AP), Stig Røkenes (H), Jens O. Holven (SP), Håkon Gjerde (V) og Guro Ljone (SV)

## ADMINISTRATIV ORGANISERING



## **TILBAKEBLIKK PÅ 2018 – SLIK RÅDMANNEN SER DET**

2018 har vore prega av ein del utskifting i viktige posisjonar og starta med at vi fekk tilsett ny leiar i stillinga etter ass.rådmann men der stillinga var gjort om til ei personal- og administrasjonsleiarstilling. Parallelt med dette vart stillinga som leiar for tenestetorget borte og tenestetorget vart lagt inn under stillinga som personal- og administrasjonsleiar. Seinare i 2018 sa økonomisjefen opp si stilling og i denne samanheng vart det ført drøftingar på tampen av året om å legge økonomifunksjonane administrativt under personal- og administrasjonsleiar, slik at ein fekk samla alle stabs- og støttefunksjonar under ein leiar. Bibliotek, IKT, kultur og bygde- og næringsutviklarar var allereie lagt inn under personal- og administrasjons-leiar. Bygde- og næringsutviklaren sa opp si stilling og slutta ved årsskifte. Stillinga vart vedteken ståande vakant i 2019. Biblioteksjef sa opp si stilling og slutta og ved årsskifte.

2018 har og vore prega av store etterslep. Det har i åra før vore vakanta stillingar over tid, både i rådmannsstolen og elles i leiinga og dette pregar organisasjonen. Organisasjonen har gjort ein kjempeinnsats i denne tida, men har vore nøydd å prioritere dagleg drift og løpende brannslokking. I 2018 har administrasjonen vore meir eller mindre fulltallig og det har vore meir fokus på å få gjort noko med etterslepet. Dette gjeld både planar som skulle vore skrevne eller rullerte, tilpassing til nye lov- og regelverk, oppfølging av politiske vedtak, m.v. Samstundes skulle nye tilsette sette seg inn i både oppgåver og organisasjon, rutiner og prosedyrar og oppgåver etter tidlegare tilsette måtte fordelast på nytt. Dette har vore særleg krevande der stillingar er fjerna, men utan at oppgåvene har blitt borte.

Spådommen frå årsmeldinga for 2017 om at dette ville gå seg til i løpet av 2018 har vist seg å vere rett. Rett i den forstand at vi er på rett veg. Organisasjonen er stort sett fulltallig og det er teke tak i mange lause trådar. Det jobbast med ei rekke planar og dette arbeidet held fram inn i 2019, då vi reknar med å ferdigstille fleire større oppgåver, mellom anna Strategisk nærings- og utviklingsplan.

Sparing i form av redusert drift er ei stor oppgåve som det har vore jobba med kontinuerleg og som det framleis må jobbast vidare med i åra som kjem. Det har vore særleg krevjande å skulle ta ned drifta, samstundes som nye behov har dukka opp, i form av lovpålagte tenester på enkeltbrukarnivå. Vi søkte og fekk 1 million i skjønnsmidlar i 2018 og slik ståa er, ser det ut til at vi må halde fram å söke om skjønnsmidlar, til utfordringar som kjem på i løpet av driftsåret. Ulvik har ikkje lenger den gode økonomien ein tidlegare hadde og som kanskje var ei kvilepute. Det er gjort fleire innsparingstiltak, med synleg effekt i 2018, men med tilførte nye kostnader gjennom året er ikkje resultatet som forventa.

I budsjett for 2018 var det ei målsetjing å sette av kr 2,9 mill og i framlagt økonomisk oversikt over drifta for 2018, er denne målsetjinga nådd. Rekneskapsmessig mindreforbruk er kr 400 000.

Den nye sjukeheimen hadde byggstart på hausten 2018 og er ved årets slutt i rute, både tidsmessig og økonomisk. Om alt går etter planen vil ein ferdig sjukeheim vere omtalt i neste årsmelding.

Den omstillinga vi er midt oppe i har ikkje berre positive sider, særleg ikkje på kort sikt. Det skapar og ein del støy og uro, både internt i organisasjonen og hjå innbyggjarane. Skal vi lykkast med å få til ei varig omstillinga i drifta, som tek ned drifta til eit nivå vi har forsvarleg økonomi til å møte, så er det viktig med stø kurs, trass slik motstand. Samstundes er det viktig å lytte til den motstanden som kjem – det er ikkje sikkert at alle tankar er tenkt. Medverknad og informasjon er særskilt viktig og noko vi skal øve oss på å bli endå betre på, slik at vi held kurset, men utan at vi vert sniglar og mister farten - eller stoppar opp.

Å levere gode tenester til innbyggjarane i Ulvik er vår jobb nummer 1 og dette skal vi framleis vere gode på.


Thore Hopperstad  
rådmann



*Olav H. Hauge*

## ØKONOMISK STATUS

Økonomiske hovedtrekk frå drifta dei siste tre åra				
	Rekneskap	Rekneskap	Rekneskap	Auke i %
	2018	2017	2016	2017-2018
<b>Driftsinntekter:</b>				
Overføring med krav til motyting	13 375 530,95	15 363 626,63	15 229 873,75	-12,94 %
Andre overføringer	9 164 932,34	8 982 457,03	6 771 454,92	2,03 %
Rammetilskot og statstilskot	67 527 426,34	67 717 805,13	60 387 290,92	-0,28 %
Skatt på inntekt og formue	34 924 547,16	34 102 656,20	34 173 547,08	2,41 %
Eigedomsskatt	6 996 247,00	7 604 072,74	9 269 236,00	-7,99 %
Andre direkte og indirekte skattar	5 936 426,00	5 906 304,00	5 906 304,00	0,51 %
<b>SUM DRIFTSINNTEKTER</b>	<b>142 909 930,23</b>	<b>144 469 410,66</b>	<b>138 039 630,40</b>	<b>-1,08 %</b>
<b>Driftsutgifter:</b>				
Lønsutgifter	89 589 333,26	89 447 286,62	88 618 004,64	0,16 %
Kjøp av varer og tenester	32 524 697,09	36 081 132,40	32 561 521,75	-9,86 %
Overføringer, avskrivningar og fordelte utgifter	23 797 965,68	24 599 961,32	22 660 834,32	-3,26 %
<b>SUM DRIFTSUTGIFTER</b>	<b>145 911 996,03</b>	<b>150 128 380,34</b>	<b>143 840 360,71</b>	<b>-2,81 %</b>
<b>Brutto driftsresultat</b>	<b>-3 002 065,80</b>	<b>-5 658 969,68</b>	<b>-5 800 730,31</b>	<b>-46,95 %</b>
<b>Finansinntekter:</b>				
Renteinntekter og utbytte	2 493 690,48	2 223 761,82	2 378 080,52	12,14 %
Gevinst finansielle instrumenter (omløpsmidler)	179 940,00	1 479 956,75	910 328,32	-87,84 %
Mottatte avdrag på utlån	40 160,00	91 736,59	122 730,13	-56,22 %
<b>SUM EKSTERNE FINANSINNTEKTER</b>	<b>2 713 790,48</b>	<b>3 795 455,16</b>	<b>3 411 138,97</b>	<b>-28,50 %</b>
<b>Finansutgifter</b>				
Renteutgifter, provisjoner og andre finansutgifter	2 104 052,28	1 559 676,04	1 791 036,11	34,90 %
Tap finansielle instrumenter (omløpsmidler)	386 922,00			
Avdragsutgifter	4 292 805,00	3 217 588,00	4 303 425,00	33,42 %
Utlån	45 000,00	10 000,00	47 457,75	350,00 %
<b>SUM EKSTERNE FINANSUTGIFTER</b>	<b>6 828 779,28</b>	<b>4 787 264,04</b>	<b>6 141 918,86</b>	<b>42,64 %</b>
<b>RESULTAT EKSTERNE FINANSTRANS.</b>	<b>-4 114 988,80</b>	<b>-991 808,88</b>	<b>-2 730 779,89</b>	<b>314,90 %</b>
Motpost avskrivninger	6 832 638,02	6 302 771,22	5 866 597,03	8,41 %
<b>NETTO DRIFTSRESULTAT</b>	<b>-284 416,58</b>	<b>-348 007,34</b>	<b>-2 664 913,17</b>	



#### Driftsinntektene:

Rammeoverføringane er noko redusert, 0,2 %. Samanliknar me skatteinntektene frå 2017 til 2018 så er det ein auke på 2,41 %. Eigedomsskatten har gått ned med i underkant av 8 %, dette heng saman med eigedomsskatteverdien på kraftverka i heradet som er under det såkalla maks-taket.

#### Driftsutgiftene:

Samla vart dei totale driftsutgiftene redusert med 2,81 % frå 2017 til 2018. Lønsutgiftene auka med 0,16 % frå 2017 til 2018 mot 0,93 % året før. Dette er betydeleg lågare enn den generelle lønsauken i 2017, og samla sett så tyder dette at heradet har færre tilsette. Kjøp av varer og tenester har gått ned med 9,86 % samanlikna med 2017, dvs like mykje som auken frå 2016 til 2017, som var på 9,75 %. Ein del av reduksjonen gjeld reduserte kjøp av fylkes-kommunale tenester relatert til introduksjonsordninga og reduserte kjøp frå privat.

Overføringar, avskrivingar og fordelte utgifter varierer frå år til år grunna ulikt nivå på tilskot og pliktige statlege føringar.

#### Finanspostane:

Avdrags- og rentekostnaden har auke betydeleg samanlikna med 2017, noko som i hovudsak heng saman med byggelån til ny sjukeheim.

#### Brutto – og netto driftsresultat:

Brutto driftsresultat på kr 3 002 065 seier noko om underskotet etter avskrivingar, men før renter og andre finanspostar. I netto driftsresultat er finanspostane inkludert avdrags-kostnadane teke med, mens avskrivingane er nulla ut. interne finanstransaksjonar, slik som bruk av og avsetnad til fond er ikkje teke med her. Netto driftsresultat er eit mykje nytta måltal for korleis kommuneøkonomien utviklar seg. Om netto driftsresultat er 1,75 % av brutto driftsinntekter er dette å rekna som ein «sunn» kommuneøkonomi.

#### Resultatet i meldingsåret og utviklinga frå 2016:

Samanliknar me dei 3 siste åra så er det tre år med rekneskapsmessig meirforbruk, der det var eit markant skilje mellom 2016 og 2017, noko som i hovudsak skuldast utfordingar på einingsnivå og at rente og avdragsutgiftene var høgare enn budsjettet. For 2017 vart det lagt eit budsjett, der ein hadde gjort store innsparingar, både i generell drift og ved å ta vekk stillingar, men dette vart ikkje gjennomført i praksis og budsjettet mindreforbruk på kr 5 816 206 enda med eit meirforbruk på kr 348 007, noko som har medført mindre avsetnad til investeringsfond. Også i 2018 er det eit mindre meirforbruk på kr 284 416, mot budsjettet mindreforbruk på kr 224 785.

Rekneskapsmessig resultat:

Rekneskapsmessig resultat er det som står att av netto driftsresultat etter fondsavsettingar og andre årsoppgjersdisposisjonar. Driftsrekneskapen for 2018 ser ut som om det balanserar, men opp mot budsjettvedtak, så er det eit meirforbruk i einingane med ca 3 mill kroner. Dette skuldast kutt som ikkje er realiserte og nye uføresette kostnader, nokre knytt til enkeltbrukarar.

Driftsavvik fordelt på einingane:

Ansvar	Ansvar	Rekneskap	Budsjett	Overskot/ underskot
210	Stab/støtte	16 068 104	16 209 736	141 632
220	Barnehagen	10 136 000	8 873 692	-1 262 307
230	Undervisning	19 526 949	18 738 580	-788 369
240	Helse & omsorg	35 791 303	35 664 580	-126 724
270	NAV	4 488 089	3 875 847	-612 242
280	Teknisk eining	14 203 207	13 954 013	-249 194
				<b>-2 897 204</b>

Driftsavvik som ikkje er fordelt på einingane:

Årets premieavvik	2 209 952
Amortisering av tidlegare års premieavvik	<b>-1 828 784</b>
Diverse	<b>-9 720</b>
Kjøp av konsesjonskraft	<b>-136 905</b>
Renteutgifter	<b>-171 130</b>
Avsetjing til lønsreg.fond	7 035
Ref. frå fylkeskommunar, tilskot til retaksering	300 000
Råmettilskot	1 822 801
Overført frå staten, tilskot flyktninger	<b>-460 037</b>
Skatt på inntekt og formue	<b>-367 453</b>
Eigedomskatt	68 067
Kraftinntekter	204 768
Renteinntekter	332 057
Renteinntekter VAR-området	1 325 622
	<b>3 296 273</b>
Mindreforbruk	<b>399 069</b>

#### Investeringrekneskapen:

Dei samla investeringane i anleggsmiddel var på om drygt kr 40 mill og det meste gjeld ny sjukeheim. Anleggsmidlane vart finansiert ved låneopptak, der deler av lånet er forskotering av tilskot frå Husbanken. Tilskotet frå Husbanken kjem ikkje til utbetaling før godkjent byggerekneskap er lagt fram. Dette vil skje i 2020. Investeringane i ny sjukeheim i 2018 utgjer berre ein del av den samla investeringa. Resten kjem på 2019-rekneskapen.

#### Balanserekneskapen:

Eigedelane til heradet er på om lag kr 508 millionar, ein auke frå 2017 på kr 48 millionar, der faste eigedomar utgjer om lag 23 millionar, utstyr, maskiner og transportmiddel kr 9 mill og auka pensjonsmidlar kr 6 mill. Av eigedelane utgjer om lag kr 176 millionar pensjonsmidlar som står plassert i KLP. Dette utgjer 35 % av eigedelane til heradet.

Eigenkapitalen til heradet er auka med drygt kr 20 millionar. Dette kjem mellom anna frå auke på kapitalkontoen med kr 15 millionar.

Den langsiktige gjelda til heradet er auka med kr 26 mill og den kortsgiktige med ca 1 mill. Den langsiktige gjelda er i hovudsak relatert til den nye sjukeheimen.

Økonomiske nøkkeltal	Ulvik	Ulvik	Ulvik	Ulvik	Jondal	Kostragr 06
	2015	2016	2017	2018	2018	2018
Brutto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	-0,3	-4,2	-3,9	-2,1	9,1	2,0
Netto driftsresultat i prosent av brutto driftsinntekter	3,1	-1,9	-0,2	0,0	10,8	3,4
Frie inntekter i kroner per innbygger	71 658	73 347	78 069	81 862	80 061	77 412
Langsiktig gjeld i prosent av brutto driftsinntekter	68,1	50,2	60	83,1	59,3	89
Arbeidskapital ex. premieavvik i prosent av brutto driftsinntekter	79,6	45,2	42	44,6	20,7	29
Netto lånegjeld i kroner per innbygger	22 606	27 322	42 796	75 981	65 132	91 422

Kostra-samanlikningar:

Innbyggjarar i Ulvik per 31.12.

	2014	2015	2016	2017	2018
<b>0 år</b>	8	8	13	15	12
<b>1-5 år</b>	57	56	60	61	67
<b>6-12 år</b>	78	80	87	88	82
<b>13-15 år</b>	42	45	41	36	36
<b>16-19 år</b>	68	54	47	52	55
<b>20-44 år</b>	270	294	296	308	289
<b>45-66 år</b>	326	330	331	325	334
<b>67-79 år</b>	156	160	162	172	178
<b>80-89 år</b>	61	54	52	50	47
<b>90 år eller eldre</b>	28	26	27	24	17
<b>Totalt</b>	1094	1107	1116	1131	1117

Innbyggjarar i Ulvik per 31.12. i %

	2014	2015	2016	2017	2018
<b>0 år</b>	1 %	1 %	1 %	1 %	1 %
<b>1-5 år</b>	5 %	5 %	5 %	5 %	6 %
<b>6-12 år</b>	7 %	7 %	8 %	8 %	7 %
<b>13-15 år</b>	4 %	4 %	4 %	3 %	3 %
<b>16-19 år</b>	6 %	5 %	4 %	5 %	5 %
<b>20-44 år</b>	25 %	27 %	27 %	27 %	26 %
<b>45-66 år</b>	30 %	30 %	30 %	29 %	30 %
<b>67-79 år</b>	14 %	14 %	15 %	15 %	16 %
<b>80-89 år</b>	6 %	5 %	5 %	4 %	4 %
<b>90 år eller eldre</b>	3 %	2 %	2 %	2 %	2 %
<b>Totalt</b>	100 %	100 %	100 %	100 %	100 %

## **PERSONALE OG ORGANISASJON**

### **Sjukefråvær (tabell). Legemeldt og eigenmeldt samla**

Kommune/år	2015	2016	2017	2018
Ulvik	6,04	7,39	6,31	5,9

### **Samarbeid med fagorganisasjonane**

Det har vore eit godt samarbeid med fagorganisasjonane i 2018, det har vore 5 møter mellom sentraladministrasjon og hovudtillitsvalde, og representantar frå dei største fagforeningane.

Det har vore drøftingar mellom administrasjon og tillitsvalde for å finna den mest føremålstenelege organiseringa av samarbeidet som er definert i hovudavtalen. Det har vore ein konstruktiv og god drøfting, og ein har landa på ei ordning der alle einingane har oppretta arbeidsmiljøgrupper med plasstillitsvalde og verneombod. Det er møte i arbeidsmiljøgruppene cirka ein gong i månaden. Ein har òg funne ei god samansetning av gruppa med tillitsvalde som har javnlege møter med sentraladministrasjonen.

I år var det lokale lønsforhandlingar innanfor kap. 3 og 5, og samhandlinga med fagforeningane gjekk fint. Lønsforhandlingane vart evaluert i første møte etter avslutta forhandlingar.

### **Kompetanseutvikling**

På helse og omsorg har det vore stort fokus på kompetanseutvikling for eininga, der det mellom anna er ein som har fått fagbrev i helsearbeidarfaget og ein som har fått tilrettelagt praksis som fagarbeidar. Det er 5 tilsette som har fullført «Demensomsorgens ABC» del 1 og 5 som har fullført del 2 av same. 4 tilsette har fullført programmet «Velferdsteknologi ABC». Heradet har dessutan ein lege under spesialisering innan allmenmedisin.

I barnehagen har ein av dei tilsette starta på styrarutdanning. Utdanninga er statleg støtta. Ein annan tilsett tek masterstudium deltid på eiga hand. I tillegg har barnehagen 5 tilsette som tek teoretisk del av fagarbeidarutdanninga. Dette gjer dei på eiga hand, utanom arbeidstid, men dei får dekka transportutgifter til Voss.

Skulen har 2 lærarar som tek vidareutdanning dette skuleåret, under ordninga «Kompetanse for kvalitet», der den eine tek 30 studiepoeng i matematikk og den andre tek 30 studiepoeng i norsk. Begge får statleg stipend på om lag kr 100 000. Dette skal dekka frikjøp til å vera med på samlingar. Arbeidsgjevar skal dekka utgifter til bøker og reise/opphold på samlingane. I tillegg har skulen 1 lærar som har teke 15 studiepoeng i pedagogisk IKT på eiga hand. Studiet har vore nettbasert. Skulen har og 2 assistenter som tek fagarbeidarutdanning, også dette på eiga hand, utanom arbeidstid.

### **Helse, miljø og tryggleik (HMT)**

Ulvik herad si avtale med bedriftshelse 1 gjekk ut 31.12.18. Det vart gjennomført open anbodskonkurranse i 2018 og det var inngått ny avtale for bedriftshelsetenesta med Bedriftshelseteneste 1 for perioden 2019 – 2021, med opsjon på 1 + 1 år.

Det vart vald nytt hovudverneombod i 2018, Silje Oleander Pedersen.

Ulvik herad har ein overordna plan for HMT-arbeidet for 2018 – 2019. Planen er utarbeidd i samarbeid med BHT1. Det vart halde oppfølgingsmøte haust 2018. Fylgjande aktivitetar har vore gjennomført i samarbeid med BHT 1:

1. Arbeidshelse i barnehagen, løfteteknikk
2. Hørselstest av tilsette i barnehagen
3. Fagkveld med tema rolleavklaring verneombod og tillitsvald
4. Fagdag med tema førebyggjing av sjukefråvær
5. Fagkveld for verneombod, tillitsvalde og leiarar med tema konflikthandtering

Retningsliner for konflikthandtering vart utarbeidd i samråd med verneombod, BHT 1, tillitsvalde og leiarar. Retningslinene vart vedtatt av heradsstyret 12.12.18.

Det har vore gjennomført vernerunde på alle verneområde haust 2018. Det vart halde fellesmøte for å fordela HMT-midlar basert på funn og innspel i vernerundane. Det har vore gjennomført Trimitakt der målet er å få alle tilsette til å trena minimum 80 timer i året. Ulvik herad har òg sponsa contingent ved Treningssenteret.

Personal- og administrasjonsleiar, hovudverneombod og hovudtillitsvald deltok på fagdagen til BHT1 haust 2018. Det har vore eit fokus i 2018 å involvera verneomboda på dei ulike verneområde i større grad, og ein har oppretta arbeidsmiljøgrupper der verneomboda deltek.

I 2017 vart det innført digitalt avvikshandteringssystem og i 2018 er det registrert 33 digitalt. Det vil bli jobba vidare med avvikssystemet i 2019.

Ulvik brannvern hadde i 2017 eit ope avvik, grunna ikkje godkjent garderobe-/personalområde. Heradet har leigd eit tilleggsareal og dette har blitt godkjent, som ei førebels ordning. Avviket er no lukka.

Det har vore halde eitt AMU-møte i 2018. Ein tek sikte på å ha fleire møter i 2019.

## Diskriminering og likestilling

Ulvik herad er ein kvinnedominert arbeidsplass, og det er tidlegare estimert at kvinner utgjer 70 % av arbeidsstokken. Ufrivillig deltid har tidlegare vore drøfta med dei tillitsvalde og det er i liten grad avdekka ufrivillig deltid. Dette er eit tema som ein vil ha fokus på framover og som ein vil drøfta jammleg med dei tillitsvalde. Ved intern utlysing prøver ein å få auka opp stillinga til dei som ynskjer dette.

## Etikk

Ulvik herad har etiske retningsliner som legg føringar for det etiske arbeidet i organisasjonen. Desse retningslinene vart vedtekne i 2007. Ein vil starta revidering av desse etter kommunevalet i 2019, det vil seia at ein tek sikte på vedtak av nye etiske retningsliner i 2020.

## **ADMINISTRASJON, STYRING, KULTUR OG SAMFUNNSUTVIKLING**

<b>Ansvar 210</b> <b>Stab/støtte</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Avvik</b>
	16 068 104	16 209 736	141 632

### **Politikk – tal saker:**

<b>År</b>	<b>Heradsstyret</b>	<b>Formannskapet</b>
2015	76	57
2016	80	67
2017	57	60
2018	80	83

### **Fellestenester**

Anette T. Hjeltnes byrja i stillinga som administrasjons- og personalleiar 1.april 2018

Det har vore gjennomført 2 borgarlege vigslinger – begge utført av Ordførar.

Oppstart av Appyard i februar – denne skal takast meir i bruk i 2019.

Websak saks- og arkivsystem vart oppgradert i desember 2018.

Det har vore justert på stillingsbrøkar på tenestetorget for å få på plass nødvendige ressursar etter at leiar slutta pr 1.januar.

- Frå påsketider og fram til medio oktober, gjekk det mykje tid med på å komma å jour etter lang tid med sjukefråvær/bemanningsreduksjon
- Det har mellom anna vore jobba ekstra med:
  - Avslutting av saker
  - Opprydding i saks- og arkivsystemet
  - Oppdatering av rutiner
  - Kursing i den nye plattformen til saks- og arkivsystemet
  - Klargjering for den nye plattformen

### **Samfunnstryggleik og beredskap.**

Fylkesmannen i Hordaland hadde tilsyn med samfunnstryggleik- og beredskapsarbeidet i Ulvik herad i 2018. Det var fleire møter med gjennomgang av planar og dokumentasjon for beredskapsarbeidet. I tilsynet avdekkja Fylkesmannen tre avvik, og hadde i tillegg ein merknad.

#### **Avvik:**

1. Ulvik herads heilskaplege ROS-analyse er ikkje revidert og har fleire manglar. Ein heilskapleg ROS-analyse må utarbeidast i samsvar med krav i regelverket. (Frist for lukking 31.12.2019)

2. Ulvik herad kan ikkje dokumentera heilskapleg og systematisk arbeid med samfunnstryggleik og beredskap (Frist for lukking: 01.07.2020)
3. Ulvik herad har ikkje eit dokumentert system for opplæring for alle som er tiltenkt ei rolle i kommunen si krisehandtering. (Frist for lukking: 31.12.2019)

Merknad:

1. Ulvik herads overordna beredskapsplan (Plan for kommunal kriselening) har forbetringspunkt og bør reviderast med utgangspunkt i ny heilskapleg ROS-analyse

KKL i Ulvik herad deltok på Fylkesmannens si beredskapssamling to dagar i oktober på Voss. Rådmannen utarbeidde eit tilsvare til Fylkesmannen med ein plan for lukking av avvik, med konkrete tidsfesta tiltak. Denne planen vart sendt til Fylkesmannen i november 2018 og er motteken og godkjend. Det vert stort fokus på beredskapsarbeidet i Ulvik herad dei neste 1,5 åra.

### **Samfunnsutvikling**

I september 2018 vedtok heradsstyret oppstart av Strategisk Nærings- og utviklingsplan for Ulvik (SNU). Denne planen skal erstatta *Sektorplan for Arbeidsplassar og Næringsutvikling for Ulvik, Landbruksplan for Ulvik herad* og skal i tillegg inkludera reiselivsnæringa som det ikkje har vore eigen plan for. Planen skal opp til handsaming i heradsstyret i juni 2019.

Det vart satt ned ein arbeidsgruppe med følgjande medlemer: Oddmund Jordal (V), Guro Ljone (SV), Jon Olav Heggseth (SP), Stig Yngve Røkenes (H), Ingrid Prestegard (AP), Stein Olav Kolås (Bondelaget), Vibeke Korsnes (Ulvik næringslag), Anette T Hjeltnes (Stab) og Rune Østraat (Landbruk).

I november og desember vart det halde 5 opne møter med tema som er aktuelle for SNU-planen:

- 18.10 Oppstartsmøte Strategisk Nærings- og utviklingsplan
- 12.11 Ope møte med fokus på landbruk og skogbruk
- 19.11 Ope møte med fokus på reiseliv og småskala produksjon
- 20.11 Ope møte med fokus på service, bygg og andre næringar
- 26.11 Ope møte om tilflytting og bukvalitet, Trude Risnes frå Distriktsenteret

31.12.18 slutta bygde- og næringsutviklarar i Ulvik herad. Stillinga blir vakant til SNU-plan er vedteken og ei eventuell vidareføring av denne stillinga blir vedteken. Det vil bli hyra inn prosjektleiar for å fullføra planprosessen.

Bygde- og næringsutviklaren har jobba med desse tema/sakene i 2018: Cittaslowrådet, Cittaslow Norden/International, kultursti Tysso, kveldsmattreff i samarbeid med Ulvik næringslag, IT og sau: Vitjing hjå lokale næringsdrivande (1 treff i 2018), Team Hardanger (Hardangerrådet), komite for utvikling av Holmen-området, Oktobertorget, næringsfondsøkjarar: Gjennomgang av søknader og innstilling samt rettleiing av etablerarar.

Det vart sett ned ein komité for å sjå på ei heilheitleg utvikling av Holmen-området. Komiteen sitt arbeid held fram i 2019.

## Kultur og kino:

Det har i 2018 vore fylgjande aktivitet på området:

- Utsmykkingskomiteen har starta planlegging for kunstnarleg utsmykking av ny sjukeheim. Arbeidet er godt i gang, og avtalar med ein del kunstnarar er alt på plass.
- Arbeidet med kulturminneplanen held fram og vil bli slutført i 2019
- Det vart i 2018 sett ned komité for å arbeide med kunstgrasbane. Arbeidet vart utført i tråd med mandat, og orientering vart teke til vitring av heradsstyre.
- Kultur og skule arrangerte idemyndringsmøte for å vidareutvikla uteområde ved Brakanes skule. Prosjektet med namnet «Teikn din eigen skulegard», samla ein del idear som skulen ønskjer å få på plass over dei neste 2-3 åra. Som ein start på prosjektet er det sendt inn søknad på rehabilitering/utviding av ballbingen.
- Planprogram Kommunedelplan for idrett, friluftsliv og fysiske aktivitet 2019 – 2030 er vedteke, og planen vil bli slutført i 2019.
- Det har blitt arrangert innhaldsrike og fine program i Den Kulturelle Spaserstokken. Vi har hatt fokus på å få til musikkarrangement på sjukeheimen. Desse arrangementa har vi lagt til dagar der det er aktivitet på arbeidsstova og fleire kan få glede av det. Vi har og nytta Hauge-senteret som arrangementansvarleg på nokre av arrangementa.
- Det har vore stor aktivitet innanfor Den Kulturelle Skulesekken. Å kunne nytte lokale kunstnarar/kunsthandverkarar og gjera lokalhistorien kjent, ser ein på som viktig.

## Kinobesøk:

År	Besøk
2017	1769
2018	1600

## 10 på topp i 2018:

Tittel	Besøk
Mamma Mia: Here We Go Again!	156
Smallfoot (2D, Norsk tale)	89
Mission: Impossible - Fallout (2D)	80
Månelyst i Flåklypa	74
Coco (2D, Norsk tale)	70
Grinch (2D, Norsk tale)	69
The Greatest Showman	67
Skjelvet	64
Deadpool 2	49
Karsten og Petra På Skattejakt	43

Ulvik kino har hatt ein nedgang i besøket på omlag 10 %. Besøkstalet har gjennom ei årrekke variert. Det går litt opp og ned, men ein kan ikkje seie seg fornøygd med besøket i 2018. Enkelte år har vi storfilmar som trekkjer mykje publikum, og særleg dei norske filmane får mange til å vitja kinoen.

Av arrangement som er godt etablert kan ein nemne skulefilmframsyning og Den Store Kinodagen. Den Store Kinodagen får heller ikkje den responsen som den hadde tidlegare. Større

kinoar tilbyr publikum opplevingar dei ikkje kan laste ned heime. Frå djuptpløyande filmsamtalar til storslårte event-premierar. Dette har eit klart utslag på besøket på større kinoar. Vår kino ikkje eit publikumsgrunnlag som gjev rom for slike arrangement. Kinoen marknadsfører sitt program gjennom Filmweb sine nettsider og på Facebook. Det blir viktig at innbyggjarane nytta tilbodet, dersom ein skal sikre at kinotilbodet vert oppretthalde.

## Bibliotek

Biblioteket sitt samfunnsoppdrag er å dekkja behova til ulike brukargrupper i alle samfunnslag, og arbeida kontinuerleg med samlingsutvikling, aktiv formidling og tilrettelegging av kulturelle tiltak, jamfør Lov om folkebibliotek § 1.

### Arrangement i regi av biblioteket i Ulvik i 2018 - 12 arrangement:

- Lesesirkel
- Morsmålsdagen
- Nye poetiske røyster, poesifestivalen
- Barnehagebesøk
- Teater for born
- Filosofisk kveld
- Forfattarbesøk med Gro Dahle

### Utlåns- og besøksstatistikk:

	2016	2017	2018
<b>Samla utlån:</b>	4450	4265	4474
<b>Samla besøk:</b>	2340	2108	2278

### Hardangerbibliotek-samarbeidet

I 2018 har aktiviteten i biblioteksamarbeidet fyrst og fremst vore knytt til siste halvår, det har blitt gjennomført 3 arrangementsturnear med i alt 21 arrangement, der femten arrangement var for born og seks var for vaksne.

Turneane har vore finansiert med prosjektmidlar frå kommunane og restmidlar frå tidlegare tilskot.

### Digitale tenester

Biblioteket tilbyr gratis e-lån på [www.eBokBib.no](http://www.eBokBib.no). Biblioteket har også stilt katalogen tilgjengeleg for fjernlån på det nasjonale websøket, [www.biblioteksøk.no](http://www.biblioteksøk.no). Biblioteket tilbyr mellom anna ei fleirspråkleg nettavisteneste PressReader til bruk på biblioteket. Ebokbib er under avvikling i påvente av ny leverandør.

## OPPVEKST

### Skule

Ansvær 230 Undervisning	Rekneskap	Budsjet	Avvik
	19 526 949	18 738 580	-788 369

Brakanes barne- og ungdomsskule vart i skuleåret 2018-2019 ein 8-delt skule. Utgangspunktet for denne endringa var økonomiske innsparingar, men skulen har likevel stort fokus på den pedagogiske vinsten ved denne organiseringsmåten. Sjølve skulebygget er lite eigna til fådeling, med små klasserom som skal romma klassar opp mot 30 elevar. Bygget tek utgangspunkt i tradisjonell trinndeling, noko som hindrar den nødvendige fleksibiliteten som ein fådelt skule krev. Dersom fådelinga skal halda fram, må ein tenkja på byggtekniske justeringar. Den eldste delen av skulebygget er frå 50-talet. Behovet for oppjustering og vedlikehald er stort.

**Netto driftsutgifter til grunnskulesektor (202, 215, 222, 223), per innbyggjar 6 – 15 år:**  
202: grunnskule, 215: skulefritidstilbod, 222: skulelokale, 223: skuleskyss

	2015	2016	2017	2018
<b>Ulvik</b>	177 516	170 621	185 483	177 123
<b>Kom. gr 6</b>	161 623	164 087	171 411	179 086
<b>Granvin</b>	171 628	201 048	203 824	209 388
<b>Eidfjord</b>	247 040	230 713	230 960	241 929
<b>Jondal</b>	136 628	148 893	152 430	157 496

#### Prosentvis utvikling:

	2015-16	2016-17	2017-18
<b>Ulvik</b>	-4 %	8 %	-5 %
<b>Kom. gr 6</b>	2 %	4 %	4 %
<b>Granvin</b>	15 %	1 %	3 %
<b>Eidfjord</b>	-7 %	0 %	5 %
<b>Jondal</b>	8 %	2 %	3 %

#### Elevtal Brakanes skule:

I 2018 var det få avgangselevar på Brakanes skule. Med ny 1. klasse på 19 elevar, så toppt likevel Brakanes skule elevtalet sitt i 2018-2019. Det vil halda seg stabilt på rundt 130 elevar i åra frametter.

Elevtalet endra seg noko gjennom året, i tabellen under er GSI tala nytta.

År	1 kl	2 kl	3 kl	4 kl	5. kl	6 kl	7 kl	1-7 kl	8 kl	9 kl	10 kl	8-10 kl	1-10 kl
2018-19	19	10	16	10	14	9	12	90	10	14	16	40	130
2017-18	9	16	10	13	9	12	11	80	15	16	6	37	117
2016-17	15	11	14	9	12	11	15	87	16	6	13	35	122
2015-16	11	13	9	13	10	15	16	87	5	13	20	38	125
2014-15	14	7	13	10	15	15	7	81	13	20	11	44	125

#### **Minoritetsspråklege og særskild norsk opplæring:**

I opplæringslova står: *Elevvar i grunnskulen med anna morsmål enn norsk og samisk har rett til særskild norskopplæring til dei har tilstrekkeleg dugleik i norsk til å følgje den vanlege opplæringa i skulen.*

Brakanes skule har i mange år representert ei stor kulturell mangfald. Behov for særskild norsk heng primært saman med tall nyankomne og perioden dei har budd i Noreg. I Ulvik har flyktningane og andre nyankomne verknad på den aukande del som har einskildvedtak på særskild norskopplæring og på spesialundervisning etter §5.1.

Elevar i grunnskulen (%) som får særskilt norskopplæring etter einskildvedtak	2014	2015	2016	2017	2018
Tal elevar i Ulvik	6	10	11	12	17

Andel elevar i grunnskulen (%):					
Ulvik	4,8	8,0	9,0	10,3	13,1
Nasjonalt	7,2	7,0	7,2	7,1	

#### **Tidleg innsats, intensivopplæring, spesialundervisning og PPT**

Ulvik herad følgjer opp dei faglege tilrådingane frå PPT som opplæringslova føreskriv. Me har fokus på tidleg innsats i den grad ressursane tillét dette. Tidleg innsats er forsterka med endringar i opplæringslova pr 1. august 2018 som inneberer at skulen har plikt til å gje tilbod om intensiv opplæring til elever på 1. – 4. trinn som står i fare for å henga etter i lesing, skriving eller rekning. Dette kan verta utfordrande for skulen å imøtekoma frametter, ut frå dagens ressurs-situasjon.

<b>Elevar i grunnskulen (%) som har einskildvedtak om spesialundervisning jf. opplæringslova § 5.1</b>	<b>2014</b>	<b>2015</b>	<b>2016</b>	<b>2017</b>	<b>2018</b>
Tal elevar med enkeltvedtak i Ulvik	12	12	11	17	18
<b>Tal elevar i grunnskulen (%)</b>					
Ulvik	9,6	9,6	9,0	14,5	13,8
Kommunegruppe 6		10,4	10,3	10,3	10,1
Nasjonalt		7,9	7,8	7,9	7,9

Dei siste 2 åra har me hatt eit høgt tal elevar med spesialundervisning. Fleire av desse har hatt vedtak som utløyser ein høg ressurs. Me har hausten 2018 hatt ein gjennomgang på dette, og bedt PPT gjera nye sakkunnige utgreningar. Pga. sjukdom på PPT har dette lete venta på seg. Politikken på dette feltet er at skulen i samarbeid med PPT vurderer kvar enkelt elev sitt behov ut frå gruppесamsetjing og tilgjengelege ressursar i gruppa. Me har sett oss som mål å gje alle elevar opplæring innanfor klassen sine råmer. Me vurderer om eleven vil ha størst utbytte av forsterka tilbod i klassen eller spesialundervisning i klassen. På den måten styrkar me også klasseundervisninga for alle. Opplæring i lita gruppe eller spesialundervisning i einetimar førekjem berre i særskilte tilfelle. Me arbeider med mål om å få ei best mogleg ordinær opplæring for alle, noko som vil gje utslag på omfanget av spesialundervisning. Det er viktig med styrking i klassane for at dette skal gje ønskt effekt.

### **Skulefritidsordning (SFO)**

SFO er eit populært tilbod med høgt tal brukarar. Dette året har det vore ca. 40 born på SFO. 26 born på heil plass og resten på fredagstilbod. Bemanninga har vore 12 born pr. voksen, i tillegg har nokre born hatt ekstra bemanning, i tråd med einskildvedtak.

Fredagane har vore fast turdag. Det har gått på omgang mellom klassane, ein klasse kvar gong. Me har hatt leir på Undeland i mange år; denne nyttar me flittig. Der brenn me bål, lagar hytter og leikar i skogen. 4.kl. har fått tilbod om bading ein gong i veka. I tillegg har me hatt eit badetilbod for nokre born som treng ekstra vass-trening.

Kvar ettermiddag har borna valet mellom aktivitetar i gymsalen, formingsaktivitetar, frileik ute og inne.

### **Tal born i SFO:**

	Tal born	100 % plass	1. trinn	2. trinn	3. trinn	4. trinn
2018-19	42	26	16	7	12	7
2017-18	36	23	4	13	9	10
2016-17	43	20	13	11	10	8
2015-16	41	27	8	13	9	10

## **Kulturskulen**

Kulturskulen er eit flott tilbod som mange nyttar seg av. Mange av elevane har fleire tilbod. 80 elevar tar ut 107 elevplassar. Det har vore stabil deltaking gjennom fleire år, godt over halvparten av elevane er med på ein eller fleire aktivitetar i kulturskulen. I 2018 har me opplevd stor vekst frå 69 elevplassar til 80. Det er spesielt på grunn av spesialbod til dei minste – noko som har resultert i at me har med 7 elevar under grunnskulealder.

## **Nøringen**

Nøringen er eit unikt kulturskuletilbod for born mellom 4 og 6 år, som hadde oppstart hausten 2018. Satsinga er i alle 7 Hardangerkommunane og på Voss. Tema er kulturarv med tradisjonsmusikk og tradisjonsdans som den rauden tråden. Borna får læra nokre lokale songar, læra å dansa litt, møta ulike spanande folkemusikkinstrument og oppleva kulturarven i sin kommune. Dette er eit samarbeid mellom kulturskulane i Hardanger og på Voss, Hardanger Spelemannslag, Voss Spelemannslag, Kvemmingen spel – og dansarlag og hardingfela.no.

### **Kulturskule deltaking:**

År	Elevar i grunnskule alder	Elevar under grunnskule alder	Elevar over Grunnskule alder	Gutar	Jenter	Sum
2018-19	68	7	5	35	45	80
2017-18	66	0	3	30	39	69
2016-17	64	0	5	34	35	69
2015-16	65	0	2	33	34	67
2014-15	57	0	2	25	34	59

### **Kulturskule fordeling på aktivitet:**

År	Musikkund ervesning Elevplassar	Visuelle kunstfag Elevplassar	Teater Elevplassar	Dans Elevplassar	Andre kunst- og kulturuttrykk	Sum Elevplassar
2018-19	78	11	7	0	11	107
2017-18	74	19	4	0	2	99
2016-17	75	16	9	0	6	106
2015-16	83	11	8	0	8	110
2014-15	67	12	13	0	6	98

## **Vaksenopplæring**

Vaksenopplæring i Ulvik er knytt til introduksjonsprogrammet. Introduksjonsprogrammet er ein kombinasjon av opplæring i norsk og samfunnskunnskap, samt arbeids- eller utdanningsretta tiltak, med stor vekt på språkpraksis.

Introduksjonsprogrammet var i 2014 kjøpt via Ullensvang herad. I 2016 fekk Hjeltnes vidaregåande skule oppdraget og sommaren 2018 var det så få med i programmet at me flytta opplæringa til biblioteket, i kommunal regi.

Behovet for norskopplæring er stort. Dei siste flyktningane kom i 2016, og det 2-årige introduksjonsprogrammet er i ein avslutningsfase. Dei fleste deltararar er klare til neste steg, men somme av deltakarane kan ha rett på 5 års gratis norskopplæring. Kommunen får midlar til opplæring i berre 3 år.

## Barnehagen

Ansvær 220 Barnehagen	Rekneskap	Budsjett	Avvik
	10 136 000	8 873 692	-1 262 307

Ut frå erfaringar dei siste åra, og mange nye barn våren 2018, var det eit sterkt ynskje frå barnehagen si side å behalda modulbarnehagen. Med modulbarnehagen, ville me vera fleksible og klare til å ta i mot eit større barnetal som plar koma om våren. I 2018, 75 barn, ein auke på 10 barn.

Det vart lagt opp til ei organisering i høve 5 avdelingar, inkl. modulen Gråtass. Med 62 barn hausten 2018, og grunnbemanning på 14,2 årsverk på avd. vart personalressursane fordelt så godt det let seg gjera i høve tal barn på avdelingane. Det medførte mindre enn 3 heile stillingar på 4 av 5 avdelingar. Denne bemanninga vart opplevd problematisk for personalet i høve det å få til ein god kvardag for barna. Det er fysisk avstand mellom avdelingar, og samarbeid om personale og barnegrupper let seg ikkje gjennomføra. Foreldreutval og Samarbeidsutval engasjerte seg også i saka.

Det vart sett inn styrka bemanning på avdelingane tilsvarande 0,53 årsverk frå september 2018, Grunnbemanninga vart då totalt 14,73 årsverk. I tillegg var det støtteressursar i høve barn som har særlege behov.

Hausten 2018, vart det sett ned ei arbeidsgruppe som skulle vurdera organisering av barnehagen ut frå varierande tal barn, og mogleg betre utnytting av barnehagen sitt bygg. Ut frå barnetal framover, såg det ut til at modulbarnehagen ikkje var eit nødvendig supplement til bygningsmassen. Modulbarnehagen har vore tenkt som ei mellombels løysing. Det vart søkt om midlar til prosjekt der ein kunne få barnehagefagleg og byggfagleg utgreiing i høve betre bruk og utnytting av barnehagen sitt bygg framover.

### Tal barn over tid:

	0 år	1 år	2 år	3 år	4 år	5 år	Sum	Plassar vår	Plassar haust
<b>15.12 2018</b>	0	10	14	16	10	12	62	102	86
<b>15.12 2017</b>	1	8	16	9	12	18	64	96	87
<b>15.12 2016</b>	0	11	9	11	17	8	56	87	76
<b>15.12 2015</b>	0	7	11	17	6	15	56	91	74


Tal plassar er høgare enn tal barn. Det er fordi barn under 3 år tel som 2.

I revisjon av barnehagelova er det 1.8 2017 presisert at barn som fyller 3, vil fram til 1. august telja for 2 og etter 1. august telja for 1 barn. Tal plassar er difor ikkje ei eintydig måleining. Tala i tabellen er rapporterte tal pr 15. desember. Ulvik barnehage har suppleringsopptak 2 gonger i vårperioden og barnehagen har difor større barnegrupper om våren.

### Dei fleste nyttar seg av barnehagetilbodet:

	Andel born 1-5 år i barnehage, i høve til innbyggjarar 1-5 år (prosent)			
	2015	2016	2017	2018
<b>Ulvik</b>	93,3	91,8	94	91,2
<b>Granvin</b>	95,1	102,5	83,7	87,3
<b>Eidfjord</b>	97,6	100	97,7	102,1
<b>Jondal</b>	94,7	96,6	96,4	93,1
<b>Kostragr.6</b>	89,2	88,9	88,4	88,8

I aldersgruppa 3-5 år er andel lik med 100% som går i barnehagen.



**Hausten 2018 var fordelinga slik:**

	under 3 år	over 3 år
Tommeliten	7	2
Askeladden		19
Tyrihans		17
Veslefrikk	9	
Modulbarnehage	8	
<b>Totalt i Ulvik barnehage</b>	<b>24</b>	<b>38</b>

**Minoritetsspråklege og barn som får spesialpedagogisk hjelp:**

	2015	2016	2017	2018
Minoritetsspråklege barn i barnehagen	7	11	15	15
Barn som får spesialpedagogisk hjelp	4	6	1	5

**Tilsette og fordeling:**

Årsverk	2015	2016	2017	2018
Styrar	1	1	1	1
Pedagogisk leiar	5	5	6	7,8
Barnehagelærar eller tilsvarande	1	1		
Barne- og ungdomsmedarbeidar		1		2
Assistentar/ annen grunnbemannning	6	6	9	5
Særskild språkstimulering til minoritetsspråklege barn	1	0,5	0,5	
Arbeid knytt til barn som krev ekstra ressursinnsats	0,8	0,74	0,12	1,12
Vaktmeister/reinhald	1,25	1,25	0,7	0,75
Total årsverk	16,05	16,45	17,32	17,67

I august 2018 fekk me bemanningsnorm og tidlegare har me fått pedagognorm. Der vert det presisert at det må være 1 pedagogisk leiar for kvar 14. barn over 3 år og 1 pedagogisk leiar for kvar 7. barn under 3 år. Det gir ei pedagogisk bemanning på 43%. Med 7 pedagogar ligg me innanfor pedagog norma. To av pedagogane våre er tilsette med dispensasjon for eit barnehageår. Det vart gjort etter at stillingane var lyste ut offentleg.

5 assistentar, der fleire har anna fagutdanning, starta på den teoretiske delen av barne- og ungdomsarbeider utdanninga hausten 2018. Barnehagen har ei personalgruppe med høg pedagogisk kompetanse.

	Netto driftsutgifter barnehager, per innbygger 1-5 år (kr)			
	2015	2016	2017	2018
<b>Ulvik</b>	139033	128607	154567	170221
<b>Granvin</b>	124610	132675	122449	131036
<b>Eidfjord</b>	255098	313857	241465	245458
<b>Jondal</b>	109281	120559	144929	144776
<b>Kostragr.6</b>	134803	143377	150464	164848

Ulvik barnehage har kraftig auke i 2018, dels så heng dette saman med utgifter til modulen

	Korrigerte brutto driftsutgifter til lokaler og skyss (f221) per barn i kommunal barnehage (kr)			
	2015	2016	2017	2018
<b>Ulvik</b>	11286	12125	12109	17645
<b>Granvin</b>	12641	12707	19317	14938
<b>Eidfjord</b>	39650	55057	32214	41429
<b>Jondal</b>	12241	11525	13815	12074

Ulvik barnehage har ikkje skyssutgifter, og auken frå 12.000 kr til 17.000 er auke i driftsutgifter til lokaler, noko som heng saman med drifta av modulen Gråtass.

#### PPT – sjå under spesialundervisning skule og spesial pedagogisk hjelp i barnehage

## **HELSE OG OMSORG**

<b>Ansvar 240 Helse og omsorg</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Avvik</b>
	35 791 303	35 664 580	-126 724

Presset på Helse og omsorgstenester vil auke i framtida, og det vil utfordre både personell og økonomi. Det gjer at organisasjonen har starta arbeidet med omstilling for å imøtekome framtidas utfordringar. Me har arbeidd med målsetjingar definert i budsjettåret 2018. Eininga har jobba for å skape ein meir robust og fleksibel organisasjon. Dette for å sikre effektive arbeidsprosessar og betre ressursutnytting. Me har hatt kutt i bruk av vikarbyrå, innført årsturnus og tilsette har vore fleksible ved ferieavvikling og anna fråvær.

Me har søkt tilskot som gjev oss mogelegheit for utvikling. Frikjøp av tilsette er ein suksessfaktor for å sikre ei reell endring. Me har skaffa bærbar pc til fleire tilsette, men ikkje etablert eit strukturert arbeid med velferdsteknologi. Velferdsteknologi må sjåast i samanheng med ny sjukeheim og kva system som kjem der. På slutten av 2018 vart me tekne opp som medlem i «Nordhordlandprosjektet – saman om velferdsteknologi»

Helse og omsorg har brukt tid på å følgje opp prosessen med ny sjukeheim, eit omfattande og krevjande arbeid.

Samarbeidet med andre kommunar er styrka på fleire tenestefelt. Tilsette følgjer opp nasjonale føringer og deltek i nettverkssamarbeid/-møte der kommunane forpliktar seg til å stilla med ressursar, til dømes Kommunenes Sentralforbund/ Fylkesmannen i Hordaland, samarbeidsråd og underutval ved lokalsjukehus Voss. Tenester som også ligg til eininga er: Alkohol- og skjenkeløyve, bustadgruppe, flyktningar, ungdomsarbeidar, folkehelse, Husbanken sine støtteordningar - bustøtte, tilskot til utbeting av bustad, og elles andre helse- og sosialtenester jf. helse- og omsorgstenestelova, som ikkje ligg til NAV eller pleie og omsorgsavdelinga.

### **Folkehelse**

Det er jobba målretta med folkehelse i 2018. Det er etablert ei tverrfagleg gruppe som skal lage ein folkehelseprofil og ein folkehelseplan. Me har delteke på KS sin workshop som har sett fokus på desse områda. Arbeidet held fram i 2019. Ulvik deltek i nettverk Folkehelse for Hardanger-kommunar, der me mellom anna har utarbeidd ein søknad om tilskot «Juniorprosjektet». Me deltek på samlingar i regi av Hordaland Fylkeskommune. Me fekk tilskot på 70 000 kr, som ei økonomisk støtte til systematisk arbeid og delfinansiering av stilling som har ansvar for folkehelse. På slutten av året fekk me 40 000 kr i tilskot for å utarbeide ein frivilligheitspolitikk i Ulvik. Det arbeidet vil skje i 2019.

### **Ungdomsaktivitetar 2310**

Ameron ungdomsklubb har fått nytt lokale, og det har vore stor dugnadsinnsats for å ferdigstille lokalet. Eit langtidsfråvær løysast internt i administrasjonen. Det gjev eit mindreforbruk i høve til budsjett.

Større arrangement dette året var:

- LAN hadde ca 40 påmelde totalt.
- 16 mai: Eit rus førebyggjande samarbeid mellom Ullensvang, Ulvik, Eidfjord, Granvin og Odda. Ca. 35 påmelde frå Ulvik.

### **Avdeling Helse**

Til avdelinga inngår legeteneste, legevakt, ØH-senger, fysioterapi, helsestasjon/jordmorteneste og barnevern. Det er 6 tilsette i avdelinga og 2 på driftstilskot.

### **Helsestasjon-,skulehelsetenesta og jordmortenesta 2320**

Helsesjukepleiar i 1,0 stilling og jordmor i 0,25 stilling. Eidfjord kjøper 10% av jordmortenesta. Svangerskapsomsorgen inngår i helsestasjonstilbodet jfr Nasjonalfagleg retningslinje for svangerskapsomsorgen.

I 2017 kom «Nye nasjonalfaglige retningsliner for det helsefremjande og førebyggjande arbeidet i helsestasjon, skulehelseteneste og helsestasjon for ungdom». Helsesjukepleiar har i 2018 samarbeidd med kollega i Eidfjord om å lage oppdaterte rutiner og samarbeidsavtalar som følge av dei nye retningslinene. Samarbeidet fortset i 2019. Hausten 2018 vart Hardanger produksjonsskule etablert på Hjeltnes. Helsesjukepleiar tilbyr tenester her. Frå 01.01.2019 vert stillingstittelen «helsesøster» erstatta med **helsesjukepleiar**; ny tittel – same kompetanse.

### **Legetenesta 2410**

Legestillingane (2,0 stilling) Kommunelege 2 var vakant og med vikarløysing i starten av året. Frå juni starta ny lege i fast stilling, ho er godt inne i arbeidet mot suttan av året og fungerer m.a som tilsynslege på sjukeheimen. LIS-lege (tidlegare kalla turnuslege) på deling med Granvin som før. Kommuneoverlege nytta ein del tid på å vera rettleiar og mentor.

Det er feilregistrert teneste i rekneskapet 2410 som ØK seng og legevakt på kr 400 655. Dersom ein tek bort den feilregistrerte utgifta er det eit overskot i tenesta på kr 244 276. Feilregistreringa er retta opp for 2019.

På slutten av året fekk me kr 75 000 i tilskot som skal støtte utdanning av fastlege til spesialist i allmennmedisin. Medhjelparstillingane på legekontoret (2x0,8 stilling): Ein del sjukefråvær har auka presset på den andre. Vi har løyst situasjonen i høve til vikar internt i Helse og omsorg.

### **Legevakt 2411**

Ulvik herad er med i eit interkommunalt samarbeid med legevakt og ØH-sengar. Voss er vertskommune. Legane i Ulvik deltek i den interkommunale vaktordninga på Voss. Det har vore eit budsjettmøte og eit evalueringsmøte i 2018. Kommuneoverlege og kommunalsjef har representert Ulvik. ØH-senger gjeld rus og psykiatri frå 01.01.2018. I den økonomiske framstillinga kan det sjå ut som at legevakta gjekk med eit overskot. Her har det vore ein feilregistrering av tenester, og alle utgifter er ikkje synlege. I tillegg fekk me i 2019 ei høgare

rekning for 4. kvartal 2018 enn forventa. Dei faktiske utgiftene i 2018 er difor 1 958 493. Det gjev eit meirforbruk på 375 043 kr.

### **Fysioterapitenesta 2412**

Me har hatt 2 driftstilskot på 100% og ein 28% kommunal stilling i institusjon dette året. Denne tenesta ivaretok dei lovpålagte oppgåvene som institusjon og skulehelsestasjon teneste og kurativ behandling. I slutten av 2018 fekk me ei oppseiling av eit driftstilskot. I følgje sparekatalogen 2016, skulle eit driftstilskot reduserast ved naturleg avgang. Dette vart fulgt opp på budjsett for 2019. Samstundes skal Helse og omsorg vurdere behovet for fysioterapitenester i framtida, eit arbeid som startar i 2019.

### **Barnevern 2440, 2510 og 2520**

Ulvik herad har delegert barnevernarbeidet til Hardanger Barnevern i Odda etter ein vertskommunemodell, i samarbeid med kommunane Odda, Ullensvang, Eidfjord, Jondal og Granvin. Det er Hardanger Barnevern som fattar vedtak i barnevernsaker, og vedtaka er bindande for heradet økonomisk.

### **Institusjon Ulvik sjukeheim 2530**

Det har vore eit krevjande år med høgt pasienttal heile året, langtidsfråvær og utskifting av leiarar. I løpet av 2018 fekk me auka opp stillingar til tilsette som har ynskt dette.

Hausten 2018 fekk me på plass ein avdelingsleiar som bidreg til stabilitet og utvikling. Det har vore høgt fokus på arbeidsprosesar og utvikling av rutiner.

Institusjonen har jobba med å skape ein robust organisasjon og styrkt fleksibilitet hjå dei tilsette. Avvikling av ferie er endra, og fleire tilsette har teke ekstra vakter i periodar med ferie. Summen av desse tiltaka har gitt ein reduksjon i bruk av innleigde vikarar, til tross for langtidsfråvær og ressurskrevjande pasientar.

Me har hatt stort fokus på årsturnus med oppstart 17. desember 2018. Ei slik endring vil på sikt gje større forutsigbarheit for dei tilsette, enklare å følgje opp fråvær ved sjukdom og enklare å få ei god fereiavvikling. Registrering av timer og bruk av vikarar internt er berre belasta institusjon. For framtida vil den faktiske bruken verta registrert på rett teneste. Til dømes forklarar det kvifor institusjon har eit meirforbruk, samstundes som heimesjukepleien har eit lågare forbruk.

Tal e-meldingar i 2018 var 1374 for 2018, mot 1768 i 2017. Det er ein nedgang på 22,2%. Det skuldast ekstra NAV-trekk meldinger når vi hadde tekniske utfordringar. Resultata for 2018 er difor meir realistiske basert på sjølve pasientforløpet.

Søknader til inntaksnemnd	2016	2017	2018
Langtidsopphald	67	52	51
Korttidsopphald	11	9	10
Omsorgsbustad	43	39	32
Dagavdeling demens	6	0	2
Nattopphald	1	0	0
Avlastning	0	2	1

Utskriving fra institusjon	2016	2017	2018
Kortid- rehabilitering	22	8	6
Korttidsopphald - anna	19	28	20
Kortid- behandling/ utgreiing	5	3	1
Dagavdeling demens	11	5-6	6
Nattopphald	2	0	0

### **Heimebaserte tenester 2540 og 2541**

I 2018 vart det gjennomført ei omlegging av tenestene og endring av arbeidsoppgåver for enkelte tilsette. Tenesta har hatt stabile brukarar i 2018.

Dette verksemdområdet vil få ei viktig rolle i framtida, og tenestetilbodet her må aukast for å møte endringar i demografien. Målet er at innbyggjarar kan bu heime så lenge som råd. På slutten av året søkte me om å få bli med i «Nordhordlandsprosjektet – saman om velferdsteknologi». Prosjektet vil støtte Helse og omsorg i arbeidet med å innføre velferdsteknologi, som og vil støtte brukarar i kvardagsmeistring.

Me har jobba med tiltaka i budsjettet, som å styrke flyten mellom institusjon og heimebaserte tenester for å skape ein robust organisasjon. Me har jobba med å ha tilgang på fagleg kompetanse. Her har me no god sjukepleiardekning, men framleis må me jobbe for å ha god tilgang på vikarar. Me har jobba med å få ned talet deltidstilsette og ved utgangen av 2018 har me ingen tilsette som er på ufrivillig deltid.

Pr. 31.12.2018	
Heimesjukepleie	30 brukarar
Heimehjelp	31 brukarar
Dagavdeling demens	6 brukarar
Tryggheitsalarm	26 tryggheitsalarmer
Arbeidsstova	17 brukarar
Utkøyring av middag	28 middager dagleg

### **Ergotenester 2542**

Ergoterapeut\_har hatt ansvar for prosjekt innen rehabilitering, ny sjukeheim og ergonomi-tenester. Kartlegging og heimebesøk er avslutta våren 2018.

E-meldingar som kommunikasjonsform er ikkje oppretta i 2018, noko som er ynskjeleg å få til i løpet av 2019.

Hjelpemiddel skal sørva alle innbyggjarar i heradet, både born, unge og vaksne. Det er mykje avanserte tekniske hjelpemiddel som krev fagutdanning og dette er ivareteke av personell ved teknisk eining.

### **Rus og psykiatri 2544**

Psykatrisk sjukepleiar i 90%, der 40% av stillinga, som tidlegare har vore knytt til dagtilbodet «nr.10» har i 2018 dels vore nytta til vikar på legekontoret og i heimesjukepleien. I samband med implementering av pakkeforløpet i rus/psykiatri, har det vore jobba ein del med førebuing av dette, både i underutvalet og regionalt. Saman med kommunane som er knytt opp mot DPS Bjørkeli, har det vore jobba med å skape formelle og uformelle nettverk, for å styrke tenestene i kommunane.

### **Dag-avdeling for demens 2345**

Dag-avdeling for personar med demens er eit lovpålagt tilbod som inkluderer transport. Ulvik fekk 150 330 kr i tilskot i 2018. Det er ei utfordring at me ikkje har ei tilfredsstillande transportløysing, slik at me må nytte eigne tilsette til denne oppgåva. Tilboden vert og nytta for enkelte pasientar med plass i institusjon med demensdiagnose, som har behov for miljøtiltak og eit meir tilrettelagt tilbod. I 2018 har me avgrensa tilboden i periodar der me har hatt mykje langtidsfråvær.

### **Anna dag-aktivitetstilbod**

Arbeidsstova er eit dagsenter-tilbod som ikkje er lovpålagt og som legg vekt på det sosiale og handverkstradisjonar. Eininga har omdisponert eigne ressursar for å oppretthalde tilboden. Ulvik Lions Club har avtale med sjåfør og sponsar transportutgifter. Det har vore ein auke i tal brukarar av tilboden «eldrecafe». Tilboden som frivillige organisasjonar har, er godt og me må arbeide for eit godt samarbeid, både med frivillige personar og frivillige organisasjonar.

### **Kjøkken 2531**

Det har vore store endringar for kjøkkentenestene. Kjøkkenet er organisert som ei eiga teneste under kommunalsjefen. Me jobbar for å skape eit kjøkken for heile heradet. Kjøkkenet har, i tett samarbeid med andre tilsette, gjennomført endring i tidspunkt for måltid. Dette er i tråd med Stortingsmelding «Leve hele livet». Inntektene må auke, til dømes ved sal av mat. Brukarar av arbeidsstova får tilbod om å kjøpe lunsj. Kjøkkenet har rettleiarkompetanse for å ta imot lærling. Kjøkkensjefen har delteke i arbeidet med kjøkken ved ny sjukeheim og i arbeidet med årsturnus.

### **Prosjekt «styrking av rehabilitering utanfor institusjon» 3310**

I 2018 fekk me 274 000 i tilskot for å styrke rehabilitering utanfor institusjon. Prosjektet har avdekkja mange utfordringar og har teke tak i nokre av desse. Utfordringa er å styre tildeling av tenester, mellom anna for å kunne styre tenestene betre i høve til hjelpebehov. Målet er å auke fokuset på meistring i heimen. Me arbeider med funksjonelle pasientforløp for å skape effektive korttidsopphald og institusjonsopphald må vere siste alternativ. Prosjektleiar er ergoteraputen. Prosjektet vil halde fram i 2019.

#### **Prosjekt «Frisklivstiltak for brukarar med astma og kols» 3311**

I 2018 fekk me kr 200 000 for å etablere eit frisklivstiltak for innbyggjarar med astma og kols. I dette tilbodet inngår og fellestrenings for denne gruppa. Prosjektet vil halde fram i 2019.

#### **NAV Ulvik**

<b>Ansvar 270 NAV</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Avvik</b>
	4 488 089	3 875 847	-612 242

Totalt har NAV Ulvik, sosialtenesta, hatt 38 aktive brukarar i 2018. Dette er 2 meir enn i 2017 og det var til saman 8 nye brukarar. 45 % av alle brukarane hadde behov for bistand ut over 6 månader (same tal som i 2017). 10 personar hadde sosialstønad som viktigaste kjelde til inntekt. Andelen under 25 år har minka, frå 17 % i 2017 til 11 % i 2018.

NAV Ulvik har negativt avvik, som mellom anna skuldast framleis stor pågang av søknader om sosialstønad og endra bistandsbehov hjå nokre av brukarane. Noko kan og skuldast innstrammingar i NAV sitt regelverk for statlege ytingar.

NAV Ulvik har hatt stabilt personale og veldig lågt sjukefråvær. Samanlikna med Kostragruppe 6 hjå SSB, har Ulvik høgare driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbyggjar 20-66 år enn gjennomsnittet, medan driftsutgifter til sosialtenesta pr. innbyggjar har minka frå 2017 til 2018.

#### **TEKNISK DRIFT OG VEDLIKEHALD**

<b>Ansvar 280</b> <b>Teknisk eining</b>	<b>Rekneskap</b>	<b>Budsjett</b>	<b>Avvik</b>
	14 203 207	13 954 013	-249 194

## Planlegging

Godkjent endring av reguleringsplan for Håheimsvika Plan id.: 2018001 vedtatt 29.08.2018

## Byggesaker

År	Heilårsbustader	Fritidsbustader	Andre bygg /tiltak
2015	8	10	33
2016	4	8	22
2017	6	7	20
2018	9	8	24

Av desse er det 2 nye heilårsbustader, 2 nye fritidsbustader og 0 nye driftsbygninger

Det er handsama 17 dispensasjonssaker i 2018.

## Kart og oppmåling

Rekvirert/ vedtak	Oppmålt	Matrikkelført	Fakturert
5	2	0	8

Oppdatert og korrigert matrikkelen i samband med region- og kommunereforma.

## Landbruk

Tilskot jordbruk	2016		2017		2018	
	Tal søkjurar	Kr	Tal søkjurar	Kr	Tal søkjurar	Kr
Produksjonstilskot	59	10 106 850	56	10 177 227	57	10 837 775
Ulike pristilskot	46	2 117 768	41	2 915 815		Ikkje klart
Regionalt miljøtilskot	49	1 270 249	52	1 268 226	46	1 131 938
Refusjon sjukeavløysing	7	184 556	11	264 656	5	118 195

## Skogbruk

År	Hogst				Planting		Tilskot
	Total (m <sup>3</sup> )	Sagtømmer (m <sup>3</sup> )	Massevirke (m <sup>3</sup> )	Total verdi (kr.)	Skogstre (stk.)	Juletre (stk.)	(kr.)
2018	390	183	175+30*	146 426	5 900	200	21 496
2017	1 447	991	444	485 207	37 350	200	79 026
2016	13 268	8 208	4 861	4 382 094	59 650	-	153 350
2015	13 474	7 574	5 839	3 698 232	60 300	4 000	169 327
2014	11 891	8 213	3 652	3 749 843	-	-	-

\*Ved til brensel som er innrapportert virkesdatabasen.

Det var relativt lite aktivitet i skogbruket i Ulvik i 2018. Det har ikkje vore maskinhogst dette året. Aktivitetsfallet kjem etter ein periode med særskilt høg avverking. 2015 og 2016 var rekord år. Skogskade på grunn av ekstremt snøfall vinteren 2014-2015 medverka til auka aktivitet. Med stor hogstaktivitet fylgjar eit stort plantebbehov. Det skal plantast att etter hogst innan 3 år. Hordaland har førebels gode tilskotsordningar for natur- og miljøtiltak i skogbruket (NMSK), men framover må ein i større grad pårekna å finansiere tiltaka ved hjelp av avsett skogfond. Ulvik herad vedtok i 2018 nye NMSK-retningsliner for perioden 2018-2020.

## Viltforvaltning

År	Hjortejakt			Elgjakt			Fallvilt
	Kvote (stk.)	Felte dyr (stk.)	Felte dyr (%)	Kvote (stk.)	Felte dyr (stk.)	Felte dyr (%)	(stk.)
2018	111	66	60	6	0	0	4
2017	110	91	83	5	0	0	2
2016	127	78	61	5	0	0	4
2015	127	79	62	5	1	20	12
2014	127	71	56	7	3	29	3

Jaktarealet i Ulvik er fordelt på 1 elgvald og 4 hjortevald (herav 1 nytt i 2018). Det teljande arealet utgjer om lag 115 km<sup>2</sup>. Uttaket av hjort og elg har vore relativt stabilt dei førre åra, men fall noko i 2018. Uttaket i 2018 var det lågaste sidan 2012. Minstearealet er 1 000 dekar for hjort og 20 000 dekar for elg, det same som hjå dei nærmeste nabokommunane. Dei 3 største hjortevalda har bestandsplan, medan elgvaldet og det minste hjortevaldet ikkje oppfyller lova sitt minstekrav til bestandsplan og får difor tildeling frå heradet.

Det er ei lovfesta nasjonal målsetjing at hjorteviltet skal forvaltast på bestandsnivå, og eit samarbeidsprosjekt er initiert for å lage ein større felles regional bestandsplan. Men valda i Ulvik har hittil ikkje ynskt å delta i dette prosjektet.

Bestandsplanane og dei kommunale målsetjingar for hjorteviltforvaltninga vart revidert i 2017. Det er no inngått bestandsplansamarbeid mellom dei 3 største hjortevalda i heradet. Det minste og nyaste hjortevaldet trekte seg i 2018 frå dette lokale samarbeidsprosjektet, og søkte seg i staden inn i det regionale bestandsplanområdet for Hardanger og Voss. Heradsstyret

i Ulvik har ikkje inngått samarbeidsavtale med Voss om kommunegrenseoverskridande bestandsplansamarbeid og kommunal hjorteviltforvaltning. Heradsstyret tilrådde i staden alle hjortevalda i Ulvik å gå samla inn i det regionale bestandsplansamarbeidet for Hardanger og Voss – helst som eit samla hjortevald. Det er no opp til grunneigarsida å ta stilling til dette innspelet frå heradsstyret i Ulvik.

Skrantesjuke (CWD) er ei problemstilling som påverkar hjorteviltforvaltninga i stadig større grad. Dei siste 2 åra har me vert pålagt å ta prøvar av alle felte vaksne dyr. Miljødirektoratet og Mattilsynet har dessutan tilrådd bestandsreduksjon for å redusere faren for smittespreiing. Frå 2019 vert kravet skjerpa.

## **Brann- og feiarvesen**

Årsmål for dei enkelte områda som feiing/tilsyn, tilsyn med særskilde brannobjekt § 13, øvingar, lovpålagd opplæring, helsekontrollar, HMT arbeid osb. Ei brannordning - inkludert feiing/tilsyn – som delvis er i medhald av dagens krav. Det er kome ny brannførebyggjande forskrift og det er varsla at det kan kome ei ny «dimensjoneringsforskrift». Ulvik brannvern bør arbeida for å få ei ny brannordning, då den gamle er delvis utdatert.

Ulvik herad har inngått leigeavtale for garderobe til brannmannskapa - i nabobygget til dagens brannstasjon. Dette er gjort for å stetta krav til toalett/dusj moglegheiter til mannskapa. Det er gitt dispensasjon frå Arbeidstilsynet sine krav med denne løysinga - ut 2021. innan den tid må Ulvik herad ha funne ein permanent løysing på rein/skitten sone for brannmannskapa i Ulvik herad.

Ulvik brannvern har kjøpt eit nytt utrykkingskjøretøy, type «fremskutt enhet». Bilen er registrert som klasse B, og er ein Nissan Pathfinder 2012 mod. med automatgir og 4WD. Denne har erstatta Jeep 20 1978 mod., som Ulvik herad selde for kr. 81760.

Ulvik brannvern har gjennomført dei planlagde 6 fellesøvingane, på til saman 18 timer. Øvings tema har vore, vasstilførsel/normalutlegg, frigjeringsutstyr, samband og fyrstehjelp. I desember gjennomførte 12 av mannskapa eit dagskurs i Akutthjelparfunksjonen. Kurset vart halde av dedikerte instruktørar frå Stiftinga Luftambulansen. Ulvik herad har forplikta seg til å oppretthalda kompetansen på mannskapa med årlege kurs, med godkjente instruktørar. Den 14 og 15 februar gjennomførte mannskapa ei PLIVO øving, ilag med brannverna i Granvin og Eidfjord. I tillegg deltok Politi mannskap og Helsearbeidarar frå Helse Bergen på øvingane. Desse fellesøvingane - har DSB pålagd alle brannmannskapa å gjennomføra kvart 3. år.

Det er behov for å auke stillingsgraden til mannskapet frå 1,1 til 2 % og dette vil det bli fremja sak om i 2019. Med denne auken tilsvavar det ca. 40 øvingstimar i året. Desse øvingane vil verta utført fredagar før helgevakt og elles på kveldstid i vekedagane.

Feiing vart utført av Vestnorske Feiartjenester AS. Dei varsla 280 hus vedk. feiing og 35 med 2 skorsteinar – totalt 315. Men det var 57 hus det ikkje var klargjort for feiing eller folk ikkje var heime. Dvs. 258 piper vart feia i 2018. Det var ikkje tilsyn med eldstad/piper i 2018.

På sikt bør Ulvik herad søkja tettare brannsamarbeid med eit større brann og redningsvesen. Dette grunna ei ny forskrift frå Direktoratet for Samfunnsikkerhet og brannberedskap (DSB), som har forslag om meir heiltidsleiring i brann og redningsvesen i Noreg.

Frå 1.1.2020 vil noverande brannsjef i interkommunal stilling (felles med Granvin, Eidfjord og Ulvik), gå over i Førebyggjande avdeling i Voss brannvern. Dette pga. den interkommunale stillinga har hatt eit 100% stillingsforhold i Granvin herad, og av den grunn kome inn under kommunereforma med oppretting av ein ny kommune – Voss herad frå 2020.


## Vatn, avlaup og renovasjon (VAR)

### Kommunal vassforsyning

Det er eitt kommunalt vassverk i Ulvik; Osa vassverk. Vassverket vart etablert i 2001. Grunnvasspumpene pumpar mot høgdebasseng Øydve og vidare til bygda.

Tabell med oversikt over vassforbruk siste 6 åra.

	2013	2014	2015	2016	2017	2018	Median
jan	9 362	10 150	15 526	10 559	10 104	10 255	10 203
feb	7 961	8 579	15 140	11 406	9 080	9 172	9 126
mar	9 369	9 690	10 170	12 270	10 255	11 998	10 213
apr	9 612	10 396	9 937	10 681	10 216	10 688	10 306
mai	9 696	12 568	10 998	12 076	13 242	16 737	12 322
jun	10 478	14 827	11 508	16 194	12 514	15 092	13 671
Jul	11 394	17 679	13 681	13 606	14 494	21 751	14 088
aug	11 578	12 976	13 341	13 033	13 446	13 887	13 187
sep	9 545	11 472	10 801	11 287	11 593	14 314	11 380
okt	10 463	9 982	9 914	10 532	11 242	12 593	10 498
nov	10 140	14 594	9 216	10 598	9 087	12 294	10 369
des	10 083	12 074	9 958	10 213	10 302	12 288	10 258
	119 681	144 987	140 190	142 455	135 575	161 069	135 618



Hovudutfordringa innan dei kommunale vassforsyningssområda framover er å utvide nettverk til nye abonnentar på Syse, Lekve, Kvåle og Håheim. I 2015 vart revidert kommunedelplan for vatn og avlaup gjort gjeldande til 2021. Omlegging av vassleidning i Prestabrekka og Prestagarden vil og verta aktuelt i komande periode.

Arbeidet med omlegging/utskifting av gamle leidningar i Skeie-området vil fortsetja framover.

### Kommunalt avlaupsnett

Dei kommunale avlaupsanlegga består i dag av:

- 1 nytt reinseanlegg på Hjeltnes (slamavskiljar)
- 5 avlaupspumpestasjonar (inkludert ein i Hjeltnes RA)
- 10 regnvassoverlaup
- Tilhøyrande leidningsnett, ca. 15,5 km

Det er i 2018 etablert eit nytt reinseanlegg som stettar dagens reinsekrav. Med det nye anlegget er utfordringa med særslig dårleg inneklima løyst, då det tidlegare var store problem med gass i bygget frå avlaupsvatnet.

I tillegg vil heradet utvide nettverk til nye abonnentar på Syse, Lekve, Kvåle og Håheim. I 2015 vart revidert kommunedelplan for vatn og avlaup gjort gjeldande til 2021.

Omlegging av avlaupsleidningar i Prestabrekka og Prestagarden vil og verta aktuelt i komande periode.

### Slamtømming

Ulvik herad har ordning med tømming kvart andre år for bustadhús og kvart fjerde år for fritidsbustad. Tenesta vart skild ut frå avlaup med eige sjølvkostrekneskap. Totalt har heradet ansvar for slamtømming hjå ca. 250 private abonnentar. Det praktiske arbeidet er utført av Jonny Birkeland/ NorVA 24.

## **Renovasjon**

Renovasjon er ei sjølvkostteneste. Oppgåvene knytt til denne tenesta er overteke av Indre Hordaland Miljøverk, med unntak av fakturering.

## **Kommunale vegar**

Det er i 2018 utarbeidd ei oppdatert prioriteringsliste for vedlikehald av kommunale vegar:

1. Kv1050 Bergavegen
2. Kv1055 Byrsevegen
3. Kv1040 Vambheimsvegen
4. Kv1052 Frystevegen
5. Kv1031 Osavegen
6. Kv1047 Solhovdvegen
7. Kv1018 Prestebrekka
8. Kv1019 Prestagarden
9. Kv1042 Kvålsvegen
10. Kv1038 Apalvegen

Administrasjon vil koma frem med forslag til handlingsplan i god tid før budsjett for 2020 vert vedteke.

Planarbeid som har starta opp er arbeidet med revisjon av Trafikksikringsplan, samt ny Skiltplan. Endeleg vedtak er venta høsten 2019 for begge desse planane.

## Heradsstyresaker 2018

<b>Sak nr.</b>	<b>Tittel</b>
001/18	Meldingar
002/18	Kjøp av brukt brannbil 2012 modell-klasse B
003/18	Budsjettjustering – Avsetting til disposisjonsfond
004/18	Vedtak av justerte betalingssatser - 2018
005/18	Søknad om framhald av tilskot til Handelslagsprosjekt
006/18	Status Ulvik tannlegeklinik
007/18	Søknad om tilskot forebyggjande arbeid kols og kronisk lungesjukdom
008/18	Prioritering av søknader om spelemidlar 2018
009/18	Endring av barnehagevedtekter februar 2018
010/18	Meldingar
011/18	Søknad om forskottering i anleggsperioden- Skeie mylna
012/18	Søknad om tilskot tilbygging av trebukkdam og vassrenne
013/18	Rehabiliteringsplan for Ulvik herad 2018-2021-revidert
014/18	Retningslinjer startlån Ulvik herad
015/18	Lokal forskrift for motorferdsel i utmark, Ulvik herad, Hordaland
016/18	Handlingsplan ved vald og seksuelle overgrep mot barn og unge, gjeldande for Ulvik herad 2018 - 2020
017/18	Årsmelding, rekneskap og referat styremøte 2017 Ulvik frivilligsentral
018/18	Oppstart av Kartlegging av friluftsområder i Ulvik herad
019/18	Utviding av Hardangerrådet - Vidareføring av prosess
020/18	Nedsetting av komité for vidareutvikling av området i Holmen
021/18	Nedsetting av politisk komité for prioritering av vedlikehald på kommunale vegar
022/18	Kjøp av eidegom i Holmen
023/18	Nedsetting av komité for vidareutvikling av området i Holmen - Endra saksframlegg
024/18	Korrigering av varalista til Ulvik fjellstyre
025/18	Meldingar
026/18	Godkjenning av møteprotokoll 25.04.2018
027/18	Byggjerekneskap for prosjekt 4406 Fortau Tyssevikvegen
028/18	Byggjerekneskap for ny fleirbrukshall og rehabilitering av symjebasseng
029/18	Forskrift om hundehald
030/18	Hardanger og Voss bestandsplanområde – avtale om administrativt vertskommunesamarbeid
031/18	Lokal forskrift for motorferdsel i utmark, Ulvik herad, Hordaland
032/18	Kvalitetsmelding barnehage og skule 2017-18
033/18	Søknad om stønad til tur til Greve-in-Chianti fra Ulvik Skulemusikklag
034/18	Val av vararepresentant til Representantskapet for Interkommunalt arkiv i Hordaland ( IKAH )
035/18	Årsmelding for kontrollutvalet i Ulvik herad 2017
036/18	Høyring prehospital plan for Helse Bergen HF
037/18	Pilot legevakt
038/18	Auka festeavgifter for gravplassane i Ulvik
039/18	Nedsetting av hurtigarbeidande komité for å få på plass reserve fotballbane

040/18	Eigedomsskattelova §5h-gardsbruk
041/18	Søknad om fritak for eigedomsskatt for skatteåret 2016, 2017 og 2018 - tilleggsopplysingar
042/18	Årsmelding og rekneskap 2017
043/18	Finansiering av ny sjukeheim
044/18	Godkjenning av møteprotokoll 13.06.2018
045/18	Finansiering av ny sjukeheim - 2. gangs handsaming
046/18	Meldingar
047/18	Avtale veterinærvakt til år 2020
048/18	Forskrift om hundehald i Ulvik - revidert utkast etter høyring
049/18	Plan for helsemessig og sosial beredskap
050/18	Plan for idrett, fysisk aktivitet og friluftsliv 2019 - 2023
051/18	Planprogram Strategisk nærings- og utviklingsplan for Ulvik herad
052/18	TV- aksjonen 2018 NRK - Kirkens Bymisjon- oppmoding til bidrag
053/18	Eigedomsskatt i Ulvik fra 2019- endring i lova
054/18	Søknad om fritak for eigedomsskatt for skatteåret 2016, 2017 og 2018 ny handsaming
055/18	Gardsbruk i eit eigedomsskatteperspektiv-ny handsaming
056/18	Utgreiing frå komité for etablering kunstgrasbane.
057/18	Meldingar
058/18	Løyving av midler til leige av garderobebeanlegg frå Hardanger Energi Nett - til Ulvik brannvern
059/18	Butilbod for vaksne som treng heildøgns tilsyn
060/18	Bygde- og næringsutviklarstillinga, mellombels løysing 2019
061/18	Meldingar
062/18	Betaling for opphold ved den enkelte institusjon
063/18	Bortfall av bompengefritak for nullutsleppskøyretøy - Hardangerbrua
064/18	Ny sjukeheim - Utlysing av namnekonkurranse
065/18	Oppretting av komite - etterbruk/sal av gamle Ulvik sjukeheim
066/18	Sakspapir - Retningsliner for konflikthandtering
067/18	Skuleskyss Ljono Brakanes
068/18	Uttale vedk Nasjonal ramme for vindkraft på land
069/18	Opplåning av startlånsmidlar 2019
070/18	Utgreiing frå komité for prioritering av vedlikehald på kommunale vegar
071/18	Rehabilitering av ballbinge på Brakanes Skule
072/18	Prioritering av søknader om spelemidlar 2019
073/18	Budsjett for kontroll og tilsyn i Ulvik herad 2019
074/18	Eigedomsskattevedtekter for Ulvik herad
075/18	Gebyrforskrift IHM 2019
076/18	Olav H. Hauge-senteret. Søknad om driftsmidlar 2019.
077/18	Hardanger Kunstlag. Søknad om stønad til kunstnarhusvære i Berlin
078/18	Godtgjersle Ordførar/varaordførar - Ny ordning
079/18	Budsjett 2019 og økonomiplan 2019-2022
080/18	Møteplan 2019
RS 001/18	Grunnjeve spørsmål frå SV til ordførar-vedk. sak om innkjøpsreglement